

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 06.12.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1.
 - Utval for Kultur, idrett og regional utvikling overfører midlar tildelt gjennom budsjett for 2016, kr. 200.000,- til 2017 med føremål å lysa ut samla sum kr 400.000,- for å stimulera til eit større «fyrårnprosjekt» innan formidling av arkeologiske kulturminne i fylket. Midla vert tildelt eitt eller maksimalt to større prosjekt. Prosjektet skal ha kvalitetar innan:
 - Fysisk tilrettelegging med fokus på Universell utforming
 - Sterke verneinteresser og særskild kulturminneverdi
 - Folkehelse
 - Samarbeid og heilskapleg planlegging
2.
 - På bakgrunn av innkomne søknader utarbeidar administrasjonen ny sak til Utval for Kultur, idrett og regional utvikling, som avgjer kva prosjekt som får tildelt midlane.
3.
 - Utval for Kultur, idrett og regional utvikling reviderer vedteken prioriteringsliste for Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne til å inkludera følgjande kulturminne:
 - Gildeskålbakken i Stord kommune (Askeladden ID - 60597)
4.
 - Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtar at følgjande innkomne søknader til bevaringsprogrammet BARK skal sendast vidare til Riksantikvaren med likestilt prioritering.
 - Sökkamyro, Bømlø
 - Gildeskålbakken, Stord
 - Kvalvågen, Sund